

Journalist: Stig Roger Eide tlf. 911 49 815. Idar Stadheim tlf. 901 28 020. Epost: sporten@firda.no Oppdaterte sportsnyheter på firda.no/sporten

Byggjer DNT-hytte under Storehesten

■ Håpar at sjølvbeteningshytta Storebu skal vere ferdig alt neste år

GAULAR: I løpet av 2012 håpar Helge Kårstad at ny turlagshytte skal vere på plass på nordsida av Storehesten. – Og kva namn passar vel betre enn Storebu, seier han.

STIG ROGER EIDE
stige@firda.no 91149815

I lengre tid har det vore planar om at Indre Sunnfjord Turlag skulle få bygd ei hytte i Gaular-området som skulle fungere som ei sambindingshytte mellom eksisterande hytter både på vestsida og austsida av Storehesten-området.

Hav til Bre

Saman med arrangørane av motbakkeløpet Storehesten Opp kan det no sjå ut til at ei hytte som kan realisere turlaget sin visjon om turalternativ «Frå Hav til Bre», kan bli ein snarleg realitet. Og då er det snakk om ei sjølvbeteningshytte bygd i naturstein og med torvtak, plassert på nordsida av oppstigninga til Storehesten.

– Dette er planar vi har hatt i noko tid. Men no kan det sjå ut til at det kan bli ein realitet. Noko som er fantastisk, seier Helge Kårstad i motbakkeløpet Storehesten Opp.

Fortgang i prosessen

Kårstad har vore ein av personane som i det siste har jobba mest med å få fortgang i prosessen om ny turlagshytte.

Så langt i prosessen har vi berre blitt møtt med positive haldningar. Blant dei 25 grunneigarane i området er det berre positivitet å spore. Alt frå veldig positiv til positiv. Og kva meir kan ein vente seg, seier Helge Kårstad, som på vegner av motbakkeløpet Storehesten Opp også har vore delaktig i den vidare politiske prosessen.

Velvilje

Planane er allereie handsama positivt under førehandskonferansen hos Fylkesmannen, og sjølv om det til slutt er Gaular kommune som i tilfelle skal godkjenne dette utbyggingsprosjektet, er det godt å oppleve all denne velviljen vi er møtt med, seier Kårstad og trur ein ny hytte i knappe 1000 meters høgde på nordsida av Storehesten vil oppne nye område for turfolk.

«Frå hav til breideen» er eit flott konsept, og vil garantert bli mykje nytta. Dessutan vil ei event-



HER: Omtrent i dette området vil den nye Storebu komme. Her er det utsikta austover mot frå venstre Littheiten, Skardvatnet og Sellufvatnet.



GLAD: Helge Kårstad viser til at utbyggingsplanane har blitt møtt med positivitet heile vegen. – Eg har vanskar med å sjå at noko kan stoppe dette no, seier han.

tuell Storebu vantage bli mykje nytta i samband med Langelands-området. Dette vil kunne opne opp eit nytt område for mellom anna folk i Førde, seier Kårstad.

Spennande geologi

Kårstad har spesielt trua på at dei geologiske områda i Storehesten vil vere spennande for store turgupper.

Storehesten-området er utruleg spennande med tanke på det unike Devon-fellet vi har her. Dette vil nok vere framtidsretta. Bortsett frå det vil nye turområde bli gjort tilgjengelege for lang tid fleire. Og då er det kanskje ikkje så rart at vi vert møtt med positivitet heile vegen.

Turlaget står bak

Leiaren i Indre Sunnfjord Turlag, som er lokalavdelinga i Den Norske Turistforening, Ragna Renn, stadfestar at hytteplanane har vore tema på fleire styremøte. Seimast tysdag kveld.

STOREBU

■ Det er i det siste jobba for å realisere ny turlagshytte i Storehesten-området. Indre Sunnfjord Turlag vil gjerne ha hytta som ein del av turkonseptet «Frå hav til bre».

■ Saman med Storehesten Opp-arrangøren, Gaular Idrettslag, er det no konkrete planar om at hytta kan komme i vel 900 meters høgde på nordsida av Storehesten.

■ Dei 25 grunneigarane i fellesområdet er positive til planane. Saka har også vore oppe i førehandskonferansen hos Fylkesmannen. Det er Gaular kommune som til slutt tek endeleg avgjerd.



SUK: Tankane om sjølvbeteningshytta Storebu er at det skal sjå ut omtrent som denne hytta

som ligg i Matrefjella. – Eksteriøret skal vere av stein og torv henta i området, seier Helge Kårstad.

Førde 2 - Kaupanger er flytta og snudd om

■ **FOTBALL:** Grunna A-lagskampen mot Viking II, har Førde 2 og Kaupanger blitt einige om å flytte og snu kampen seg imellom, som skulle vore spelt 23. mai. Ny dato for Førde 2 og kaptein Benjamin Helleba (billett) blir 7. juni kl. 19.00, og oppgjøret blir spelt i Kaupanger. Heimekampen blir i haustsesongen, men dato er ikkje sett.



VIDARE: Cato Hansen og Sogndal er vidare i NM-cupen. Her er Hansen i løpsduell med Ulrik Arneberg. Foto: Stig Roger Eide

Unngjekk bomba

FOTBALL: Sogndal var trua av cupbomba fleire gonger på Fosshaugane onsdag kveld, men greidde å samle seg nok til å ta seg vidare til 4. runde i NM-cupen.

IDAR STADHEIM
idarstadheim@firda.no 90128020

I ein tafatt cupkamp som ikkje blomstra for på slutten var Sogndal til slutt i stand til å senke forstedivisjonslaget Asker, som ved fleire høve i første omgang var nære å gjere ende på Sogndal sitt cupeventyr.

Og eit tydeleg skaka Sogndal greidde ikkje å svare for i 65. min, då Ole Jørgen Halvorsen sette fart etter eit inbytte-bonanza frå Harald Aabrekk, og sette ballen mellom beina på Askers-keeper Lars Cramer.

– I dag var vi heldige som ikkje slepte inn mål i dei første minutta. Vi har ein jobb å gjere med å løfte oss, men vi er vidare i cupen, og det er det viktigaste, seier Halvorsen.

Halvorsen også notere seg for ein assist, då han spelte fri Mats Solheim til 2-0.

Halvorsen har med dagens scoring også fått nettsjønning i alle tre cuprundane.

– Eg skaut lågt og håpte på det beste. Og i dag var det min tur å vere heldig, smiler målscoraren.

Even Solvang var ikkje nøgd med spelet Sogndal leverte.

– Dette var ein dårleg kamp frå oss, og langt frå tippelignivå, seier Solvang, som meiner laget må løfte seg betraktelig skal det bli poeng mot Vålerenga i serien til helga.

– I dag var vi heldige som ikkje slepte inn mål i dei første minutta. Vi har ein jobb å gjere med å løfte oss, men vi er vidare i cupen, og det er det viktigaste, seier Halvorsen.

Stor tropp til opningsrunden

SKYTING: I helga startar noregscupen i skyting, og heile 40 håpefuller frå fylket er påmeldt.

IDAR STADHEIM
idarstadheim@firda.no 90128020

Skyttarkretsen i Sogn og Fjordane reiser med ein solid tropp når noregscupen i skyting startar no til helga.

Heile 40 skyttarar tek turen over fjellet, der tre stemmer ventar, då i Asker, Froyen og Drobak, samt Oslo Østre.

Det største lokale håpet i noregscupen er truleg Bertel Oddne Mjøllem frå Hyen, men også lagkammeren Ole Arild Aa er det knytt store forventningar

til. Blant dei unge er det Elisabeth Skudalsnes og Vegard Solhaug som kan hevde seg i toppen av listene.

Det er også knytt spenning til om Marianne Stigen frå Leikanger kan følge opp dei gode resultatane frå fjor.

Fleire skyttarar reiser også i dei yngste klassane, og her er det Jørgen Skive-nesvåg, Lovise og Arnhild Eiken frå Hyllestad som er setti som juniorclassa sine sterkeste kort.

Lars Ove Dulsvik frå Sogndal og Johanna Rekten frå Nordbygda er einaste rekruttskyttarane som er påmeldt frå Fjordane krets.

Foto: Privat